

AF


сбс. 1

Fiskeridirektoratets  
Bibliotek

19 FEB. 1992

# Fiskets Gang

Nr. 1 - 1992





# På rett veg!

1991 ble som ventet et år med positiv utvikling for våre tradisjonelle fiskerier. Det gjenspeiles også i tallene som presenteres i dette nummeret av *Fiskets Gang*. Vi ser en gledelig økning både i kvantum og førstehåndsverdi. Ja, vi må tilbake til 1985 for å finne et år med større ilandført kvantum fisk i Norge enn 1991.

En nærliggende konklusjon er at vår ressursforvaltning har vært vellykket. De omfattende reguleringene som vi har vært nødt til å sette i verk dei siste åra, gir oss nå voksende bestander og vil bidra til å øke vårt langtidsutbytte av ressursene.

Vi må vokte oss vel for ikke å gjøre feilene fra 60, 70 og 80-åra en gang til. En sterk beskatning av bestander som fortsatt er for små til å sikre vekst i ressursene på lang sikt, er uforsvarlig.

Og utsiktene er lyse dersom vi forvalter vårt pund forsvarlig. Forskernes prognoser signaliserer vekst i våre viktigste bestander i årene som kommer. Både silde-, torske- og loddebestanden viser positiv utvikling. Vi må vokte oss vel for å gjøre feilene fra 60-, 70- og 80-åra en gang til. En sterk beskatning av bestander som fortsatt er for små til å sikre vekst i ressursene på lang sikt, er uforsvarlig.

Og utsiktene er lyse dersom vi forvalter vårt pund forsvarlig. Forskernes prognoser signaliserer vekst i våre viktigste bestan-

der i årene som kommer. Både silde-, torske- og loddebestanden viser positiv utvikling. Vi må ha tålmodighet til å vente på de store uttakene ennå en stund.

En annen side av saken er verdien av våre fiskerier. I 1991 nådde vi en førstehåndsverdi på 5,6 milliarder kroner. Vi må tilbake til 1987 for å finne høyere verdi – vel å merke i nominelle kroner.

Økningen i verdi på nær 800 millioner kroner fra 1990 er naturligvis svært positiv. Det er flere årsaker til denne positive utviklingen. Først og fremst en økning i torsk kvoten fra 1990 til 1991, men også et overfiske av kvoten på 20.000 tonn. Men også det faktum at vi igjen kunne fiske lodde etter flere års fiskestopp slår svært positivt ut.

Norsk fiskerinæring er viktig. Vi eksporterer fisk og fiskeprodukter for nær 17 milliarder fra tradisjonelle fiskerier og oppdrettsnæringen. Fiskeriene er en av de viktigste eksportnæringene for Norge. Fiskerinæringen er også en av de viktigste bærebjelkene i distrikts-Norge. Den gir arbeidsplasser både på sjø og land, det er aktivitet der det foregår fiskeri.

Rammebetingelsene kan bli bedre – og bør bli bedre. Det som nå er viktig er at vi kommer opp av bølgedalen og forvalter bestandene med omhu for å sikre framtiden. For en ting er helt klart – norsk fiskerinæring er ei næring med framtid...



# Fiskets Gang



Utgitt av Fiskeridirektøren

78. ÅRGANG  
Nr. 1. Januar 1992  
Utgis månedlig  
ISSN 0015-3133

**Ansv. redaktør:**  
Sigbjørn Lomelde  
Kontorsjef

**Redaksjon:**  
Per-Marius Larsen  
Dag Paulsen  
Kari Østervold Toft

**Ekspedisjon/Annonser:**

Esther-Margrethe Olsen  
Linda Blom

**Fiskets Gangs adresse:**  
Fiskeridirektoratet  
Postboks 185, 5002 Bergen  
Telf.: (05) 23 80 00

Trykt i offset  
John Grieg Produksjon A/S

Abonnement kan tegnes ved alle poststeder ved innbetaling av abonnementsbeløpet på postgirokonto 5 05 28 57, på konto nr. 0616.05.70189 Norges Bank eller direkte i Fiskeridirektoratets kassa-kontor.

Abonnementsprisen på Fiskets Gang er kr. 200,- pr. år. Denne pris gjelder for Danmark, Finland, Island og Sverige. Øvrigt utland kr. 330,- pr. år. Utland med fly kr. 400,-. Fiskerifagstudenter kr. 100,-.

**ANNONSEPRISER:**

1/1 kr. 4.700,- 1/4 kr. 1.500,-  
1/2 kr. 2.400  
Eller kr. 7,80 pr. spalte mm.  
Tillegg for farger:  
kr. 1.000,- pr. farge

VED ETTERTRYKK FRA  
FISKETS GANG  
MÅ BLADET OPPGIS SOM KILDE

ISSN 0015-3133

## INNHold – CONTENTS

<b>Aktuell kommentar: På rett veg</b> – <i>Current comment</i>	2
<b>Norges fiskerier 1991:</b> – <i>Norwegian Fisheries 1991 – key figures</i>	4
<b>Et folkemøte</b> – « <i>People versus bureaucracy</i> »	10
<b>Matfiskanlegg:</b> <b>Svakt økonomisk resultat i 1990, men bedre enn i 1989</b> <i>Fish farms: Week economy in 1990, but better than in 1989</i>	12
<b>Utsiktene for årets brislingfiske i Vestlandsfjordene</b> – <i>Investigation of Brisling (Sprat Sprattus) in West Coast Fjords</i>	15
<b>Kvalitet – industri og forskning har prioritert oppgavene</b> <i>Quality – the Industry and the Scientists have given priority to future challenges</i>	19
 <b>Rømt oppdrettsfisk og genetiske effekter på villfisk</b> – <i>interaction between fish farm escapes and native wild fish</i>	26
<b>Settefisk:</b> <b>Bedre lønnsomhet i 1990, men fortsatt negativt driftsresultat</b>	31
– <i>Overfisket i fjor grunnen til årets torskereguleringer</i> – <i>Last years over-fishing is the reason of this years regulations</i>	33
<b>Det japanske laksemarkedet</b> <b>En analyse av konsummønster i husholdninger</b> – <i>An analysis of the consume-pattern of Japanese households</i>	34
<b>Fiskarbankutvalget har avgitt innstilling:</b> <b>«Statens rolle i finansiering av fiskefartøyer»</b> – <i>The Governmental committee looking at the Norwegian Fisheries Bank has delivered its report: «The States role in financing fishing vessels»</i>	39
<b>J-meldinger</b> – <i>Laws and regulations</i>	42
<b>En mann og hans sjark</b> – <i>A fisherman and his boat</i>	44
<b>Statistikk</b> – <i>Statistics</i>	46





# Norges fiskerier 1991

**Norske fiskarar tok omlag 355.000 tonn meir fisk i 1991 enn i 1990. Førebelse tal viser landingar på 162.000 tonn torsk til ein førstehandsverdi på nær 1,6 milliardar kroner.**

**I 1991 vart det på ny opna for både vinter- og haustloddefiske i Barentshavet. Norske fiskarar landa vel 564.000 tonn lodde til ein førstehandsverdi på godt over 304 millionar kroner.**

**Vi må attende til 1985 for å finna høgare tal i loddefisket. Talmaterialet viser elles at det var eit svært godt sei- og blåkveitefiske i 1991 og at makrellfisket fekk eit fint oppsving. Rekefisket gjekk derimot mykje ned både i kvantum og verdi, det same gjeld for kolmule.**

**I tillegg til torsken, er det sei, reke og makrell som har høgst verdi av dei tradisjonelle fiskeria her til lands.**

## Torsk nord for N 62°

Det var ei auke i totalkvoten av norskarktisk torsk på 55.000 tonn fra 1990 til 1991. I følgje avtala mellom Noreg og Sovjet skulle det i alt takast ut 215.000 tonn i 1991. I tillegg vart det semje om eit uttak på 40.000 tonn norsk kysttorsk. Etter fordeling mellom dei to landa, fekk norske fiskarar ei kvote på 128.500 tonn. Det vart sett av 18.000 tonn til tredjeland.

Den norske kvoten vart fordelt med 32.125 tonn (25%) til trålarane og 96.375 tonn til den konvensjonelle flåten. Seinare vart 1.500 tonn av trålarane sin distriktskvote overført til den konvensjonelle flåten.

Av totalen på 97.875 tonn til den konvensjonelle flåten vart 70.375 tonn sett av til fartøyskvotar, 18.500 tonn til maksimalkvotar og 9.000 tonn til bifangst og anna.

Med erfaringane frå 1990 friskt i minne, vart det føreteke ei betydeleg overfordeling av kvotane i fartøyskvoteordninga frå starten av året. I 1990 hadde ein hatt to refordelingar relativt seint på året for å få teke kvoten. Det ville ein unngå i 1991.

No skjedde det at ein i løpet av vinteren

fekk to nytildelingsrundar av fartøyskvotar slik at overfordelinga kom opp i vel 20%. I tillegg opplevde ein at fartøyskvotane vart utnytta i mykje større grad enn ein hadde rekna med. Resultatet vart at ein innafor fartøyskvoteordninga fekk eit betydeleg overfiske av gruppekvoten.

Avsettinga til maksimalkvotar var frå starten av året periodisert slik at 60% av dei 17.000 tonna kunne fiskast før 1. mai. Utviklinga i fisket gjorde til at denne periodiseringa vart oppheva og 12. april vart fisket stoppa fordi heile kvantumet var fiska opp.

3. juni vart det imidlertid opna for eit direkte fiske av inntil 1.000 tonn torsk for levering i Finnmark av fartøy under 9 meter l.l. Dette kvantumet var overført frå trålarane si kvote. Frå 2. september vart det opna for eit direkte fiske på 750 tonn for båtar under 9 meter l.l. i heile området nord for 62°. Desse 750 tonna besto av 250 tonn som var igjen av «Finnmarkskvoten» og ytterligere 500 tonn frå trålarane si kvote.

I alt viser førebelse tal at kvoten som vart sett av til fiske med konvensjonelle reiskap vart overfiska med vel 23.000 tonn i 1991.



Av trålarane sin kvote, som i utgangspunktet var sett til 32.125 tonn, vart 3.000 tonn sett av til distriktskvote. Då sto det att 29.125 tonn til fordeling. Kvoten for stortrålarane vart sett til 294 tonn, medan småtrålarane sine kvotar varierte mellom 68 og 221 tonn.

Heile gruppekvoten til trålarane vart delt på dei einskilde fartøya. Det vil sei at bifangsten måtte haldast innafor kvoten til fartøyet. Det viste seg imidlertid at fleire rederi fekk problem med å få kvoten til å strekke til, og Fiskeridepartementet gav løyve til 10% bifangst i fiske etter andre fiskeslag frå 13. november og ut året.

Også i 1991 var det påskestopp i torskefisket.

Ved starten av fisket i 1991 vart bifangsten av torsk ved fiske etter andre fiskeslag sett til 10%. Frå 2. september vart dette auka til 25%.

I 1991 vart påskestoppen også gjort gjeldande for trålarflåten. I midten av september vart det føreteke ein mindre fordeling innafor fabrikk-trålargruppa. Desutan vart distriktskvoten, som etter overføringar til den konvensjonelle flåten var på 1.500 tonn, fordelt etter søknad 5. september. Det vart sett som vilkår at kvoten skulle leverast og tilvirkast ved landanlegg, men det vart ikkje sett krav til kor fisken skulle landast.

### Hyse nord for N 62°

Bestandssituasjonen for den norsk-arktiske hysa var urovekkjande ved inngangen til 1991. Difor vart det semje i den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon om å avgrensa fisket i størst mogeleg grad. Totalkvoten vart sett til 28.000 tonn og dette var tenkt å dekkje uunngåeleg bifangst og eit avgrensa kystfiske.

Norske fiskarar kunne etter forhandlingane ta ut 14.500 tonn hyse. I tillegg kunne Noreg ta inntil 5.000 tonn kysthyse. Den norske kvoten vart fordelt med 3.625 tonn til trålarane og 15.875 tonn til den konvensjonelle flåten.

Det vart avvikla to direkte fiskeri etter hyse for fartøy over 27,5 meter l.l.i 1991. Frå 22. januar kunne det fiskast inn til 3.000 tonn med maksimalkvote på 4 tonn pr. fartøy. Dette fisket vart stoppa 4. mai.

Frå 1. juli kunne det fiskast inntil 7.500 tonn. I denne siste perioden vart det fastsett maksimalkvotar som varierte mellom 5 og 55 tonn og fisket vart stoppa 24. august då kvoten var oppfiska.

Resten av året var det berre lovleg å ha hyse som bifangst.



Trålarane fekk bifangsten inkludert i fartøyskvoten frå starten av året. Frå 15. juli vart det likevel gitt løyve til å ha inn til 5% bifangst av hyse for trålarane.

Det ser ut til å bli eit marginalt overfiske av hysekvoten for 1991.

### Torsk og hyse i Nordsjøen

Dette fisket er hovudsakleg eit bifangstfiske, men det har relativt stor betydning for einskilde fartøy. I 1991 vart det fiska omlag 5.000 tonn torsk og nær inn på 2.000 tonn hyse.

### Torsk i NAFO og ved Grønland

Noreg fekk i 1991 ein torskekvote på 1.200 tonn i NAFO området, nærare bestemt ved Flemish Cap. Heile 24 fartøy melde si interesse, med det vart berre opna for at 4 fartøy kunne delta.

Norske linefiskarar fekk for første gong på mange år, høve til å fiske etter torsk ved Aust-Grønland – på lisens frå Royal Greenland.

Fire rederi meldte seg interesserte i dette fisket. Det vert rapportert om til dels godt fiske. Lineflåten kunne også drive fiske i områder som var vanskeleg tilgjengeleg for andre reiskapsgrupper.

### Blåkveite

Fiskepresset på blåkveita har vore stort i 1991. I Norskehavet og Barentshavet er

det teke omlag 24.500 tonn. Uttaket er dobla samanlikna med 1989.

ICES tilrådde eit uttak på 9.000 tonn blåkveite i 1991. Noreg og Sovjet vart samde om at 7.000 tonn av dette kunne fiskast i norsk økonomisk sone.

Minstemålet på blåkveite er sett til 45 cm. i Noregs økonomisk sone. Frå og med 1991 vart dette gjort gjeldande også for utanlandske fartøy. Minstemålet vart ikkje gjort gjeldande i Svalbardsona, men frå norsk side vart det oppmoda om å halda minstemålet også her. Likevel fiska ein del norske fartøy blåkveite under minstemålet i Svalbardsona framover sommaren.

Det er knappe kvoter i torsk- og hysefisket kombinert med høge prisar på blåkveite som har gjort dette fisket økonomisk viktig. Det sterke fiskepresset dei siste åra har resultert i at bestandssituasjonen berre tilseier eit avgrensa kystfiske i 1992.

Ein del norske fabrikkskip har også i 1991 drive etter blåkveite på lisens utanfor kysten av Canada. Kvantumet i dette fisket er inkludert i totalfangsten i tabellen.

### Sei i Nordsjøen ...

I 1991 disponerte Noreg 55.000 tonn sei i Nordsjøen. Av denne kvoten kunne norske fiskarar ta i underkant av 49.000 tonn.

Til notfisket vart det avsett 11.000 tonn, dei andre reiskapsgruppene vart ikkje kvoteregulerte.

Fangsten av sei i Nordsjøen vart på omlag 28.000 tonn. Dette er ei auke på godt over 8.000 tonn frå året før.



### ... og sei nord for N 62°

Nord for N 62° var det i 1991 lovleg å fiske 87.000 tonn sei. 23. august vart seikvoten auka med 10.000 tonn. Denne auken vart fordelt 50/50 mellom not og trål. I tillegg kunne 3.000 tonn fiskast av fiskarar frå andre land.

Seikvantommet vart fordelt med 35.500 tonn til notfiske, 28.500 tonn til trålarane og resten vart sett av til fiske med garn og andre konvensjonelle redskap. 5.000 tonn av trålarkvoten vart sett av til dekking av fiske for fartøy med industritrål og/eller nordsjøøyve.

Sommaren 1991 baud på eit svært godt trålfiske etter sei. Dette resulterte i at torsketrålarane sitt fiske vart stoppa 5. august. Industritrålarane sitt fiske vart stoppa 24. august.

Gruppekvoten for torsketrålarane vart auka frå 23.500 tonn til 28.500 tonn 23. august. 26. september vart også fisket på tilleggskvoten stoppa for ferskfisktrålarane.

Det vart ikkje innført maksimalkvotar i notfisket frå starten av året, men eit godt fiske i mai gjorde det naudsynt med kantumsavgrensande tiltak. Det vart innført maksimalkvotar som varierte frå 240 tonn til 1.120 tonn. Desse kvotane vart gjort gjeldande frå 1. januar slik at all fangst frå starten av året vart belasta kvoten.

Av den totale kvoten kunne 10.650 tonn fiskast før 19. juli. Denne periodekvoten vart seinare auka til 13.650 tonn.

Dispensasjonen frå krav om bløgging av direktehåva notfanga sei vart oppheva frå 12. juni. Frå 20. juli vart det imidlertid gitt dispensasjon for inntil 8.000 tonn som skulle brukast til hending og salting.

Av notkvoten, som vart auka med 5.000 tonn 23. august, vart 4.000 tonn sett av til fiske seinare på året.

Fangsten av sei nord for 62° kom opp i omlag 107.000 tonn.

### Uer

Totalkvoten for snabeluer vart sett til 12.000 tonn i 1991, for vanleg uer vart den på 24.000 tonn. Andre land kunne fiske i underkant av 14.000 tonn uer (samla av både uer-artane) i Noregs økonomiske sone.

7 norske fabrikkskip fiska etter uer i Irmingersjøen, internasjonalt farvatn sørvest for Island. Desse fartøya har teke omlag 3.000 tonn uer. Med brukbare prisar kan dette fisket utvikla seg til eit interressant supplement til eit ordinært fiske.



Framover året vart det eit godt uerfiske. Det vart i alt teke nær inn på 45.000 tonn totalt av norske fiskarar, i 1990 kom fangsten opp i 34.000 tonn. Dette trass i at november og desember i 1991 var svært dårlege månader i dette fisket. I tillegg har utanlandske fartøy fiska nær inn på 10.500 tonn i Noregs økonomiske sone og i Svalbardsona.

### Vassild

Vassildkvoten i 1991 vart sett til 19.000 tonn, det same som i 1990. Men heller ikkje i år har norske fiskarar greidd å fiske opp kvoten av vassild. I alt vart det teke 8.900 tonn av dette fiskeslaget.

### Botnfisk i andre land sine sonar

Ved Færøyane kunne norske fiskarar ta inntil 5.800 tonn bankfisk, ei auke på 200 tonn frå året før. Fisket ved Færøyane utvikla seg dårlegare enn i 1990, og norske fiskarar greidde ikkje å ta kvoten sin.

I EF sona fekk norske fiskarar 1.000 tonn blålange, 12.000 tonn lange og 6.000 tonn brosmme. Norske fiskarar kunne også ta 3.000 tonn pigghå, 100 tonn brugdelever og 200 tonn håbrann.

Det norske fisket i EF-sona har gått mykje attende dei siste åra. Heller ikkje i 1991 greidde norske fiskarar å ta heile botnfiskkvota i EF-sona. Det står att omlag 3.000 tonn lange, brosmme og blålange.

Det vart teke omlag 9.600 tonn pigghå i 1991, av dette var 500 tonn teke i Ska-

gerrak og 2.500 tonn i Nordsjøen. Men det beste pigghåfisket hadde vi og i 1991 utanfor kysten av Nord-Trøndelag.

Heller ikkje i 1991 hadde Noreg kvote av bankfisk i islandsk sone.

### Norsk vårgytande sild

Totalkvoten av norsk vårgytande sild vart sett til 85.000 tonn. Av dette vart 11.000 tonn øymerkte fiskarar frå Sovjet, 9.000 tonn vart sett av for å dekkje uregistrert dødlegheit – og dei resterande 65.000 tonna vart fordelt mellom norske fiskarar. 64% vart øymerkt kystfartøy, 32% vart sett av til ringnot og 4% fekk trålarane.

Ringnotflåten vart regulert som tidlegare med fartøykvotar etter universalnøkkelten. Dette gav ein faktor på 0,53. Både ringnotflåten og trålarane hadde kortare sildelesong i 1991 enn vanleg fordi det ikkje var fangstbare forekomstar i fjordane i Sør-Troms.

Kystflåten vart regulert med maksimalkvotar. Einingskvoten vart sett til 135 hl. Av gruppekvoten, som var på 41.600 tonn, kunne 60% fiskast før 14. september. Det vart dessutan avsett 10.000 hl. av kvoten til garnfiske etter sild. Kystnotflåten sin gruppekvote var fiska opp 31. oktober.

### Sild sør for N 62°

Noreg hadde i alt 140.850 tonn sild til disposisjon i Nordsjøen, Skagerrak og vest av 4° vest i 1991.

Den norske kvoten i Nordsjøen var på



118.110 tonn som inkluderte ei overføring på 15.200 tonn frå EF. Etter reforhandlingar mellom Noreg og EF i juni fekk Noreg auka sin kvote med 12.000 tonn. I Nordsjøen hadde Noreg ein kvote på 13.940 tonn. Skagerrakavtala vart endra i slutten av august, noko som gav Noreg ei auka i sildekvoten på 2.600 tonn til 16.540 tonn. Vest for 4° vest kunne norske fiskarar ta 6.200 tonn.

Kvotane vart fordelte mellom reiskapsgruppene slik at ringnot fekk 113.850 tonn, trålarane fekk ei avsetjing på 20.000 tonn og kystflåten si avsetjing vart på 7.000 tonn. Trålarane si avsetjing skulle dekke bifangst i industritrålfisket.

Også i 1991 vart ringnotflåten sitt sildefiske regulert med separate fartøyskvotar for Nordsjøen, Skagerrak og vest av 4° vest. Før refordeling var faktorane 2,35 for Nordsjøen, 0,4 i Skagerrak og 0,16 vest for 4° vest. Overføring frå industritrålgruppa til ringnotgruppa mogeleggjorde sterk faktorauke i Nordsjøen. Etter endeleg refordeling vart faktoren sett til 2,8.

Det vart i alt landa omlag 128.000 tonn frå eit direkte fiske.

### Lodde i Barentshavet

I 1991 vart det igjen opna for loddefiske i Barentshavet. Noreg og Sovjet vart samde om ein totalkvote på 850.000 tonn. Denne vart fordelt med 510.000 tonn til Noreg og 340.000 tonn til Sovjet. Noreg fekk overført 20.000 tonn frå Sovjet ved slutten av sesongen slik at vi totalt disponerte 530.000 tonn.

Den norske kvoten vart delt mellom gruppene med 390.000 tonn til ringnotgruppa, trålgruppa fekk 50.000 tonn og kystgruppa fekk 70.000 tonn.

Ringnotgruppa vart regulert med fartøyskvotar etter universal nøkkelen for ringnotfiskeri med ein faktor på 10,0.

Trålgruppa vart regulert med maksimalkvotar. Fartøy under 36 meter l.l. kunne ta 7.000 hl., medan større fartøy fekk ta 9.000 hl.

Også kystgruppa fekk maksimalkvotar. Fartøy under 27,5 meter l.l. kunne fiske 6.000 hl, større fartøy 9.000 hl.

Då påmeldingsfristen var ute 2. januar var 422 fartøy påmelde. Fisket vart opna 11. januar. Siste utsegningsdato vart sett til 8. mars.

Det vart føreteke tre refordelingar i trål- og kystgruppa. Dette førte til at maksimalkvotane både i trål- og kystgruppa vart auka til 18.000 hl.

Det vart og gjort ei refordeling mellom

gruppene etter siste utsegningsdato. Dette førde til at faktoren for ringnotflåten vart auka til 11,4.

Refordelinga mellom gruppene viste seg å vere kraftigare enn det var trong for. Lodda var lett å få tak i og mottaka fungerte betre enn ein hadde rekna med. Dette førde til at totalkvantumet vart berekna oppfiska 2. april. Etter dette fekk ein overført 20.000 tonn frå Sovjet slik at fisket for kyst- og trålgruppa vart opna att 6. april.

Fisket vart etter avtala med Sovjet avslutta 30. april. Då var også kvota på 530.000 tonn oppfiska.

For første gang på mange år vart det også opna for eit haustfiske etter lodde i Barentshavet. Noreg og Sovjet vart samde om at det kunne fiskast inntil 250.000 tonn, noko som gav ein norsk kvote på 150.000 tonn.

Fisket vart opna 16. september og 67 konsesjonspliktige ringnotfartøy melde seg på. Desse fekk tildelt maksimalkvotar. Fangst i haustfisket gjekk til fråtrekk på kvoten for vinterlodde i 1992, noko som førde til at mange fartøy ikkje gjekk ut.

Det var lav deltaking i fisket, også fordi fartøya hadde andre fiskeri å delta i.

I slutten av oktober fekk Sovjet overført 50.000 tonn. Under kvoteforhandlingane mellom Noreg og Sovjet fekk dei ytterligere 20.000 tonn, og seinare enno ei overføring på 20.000 tonn - i alt 90.000 tonn. Noreg får kompensert dette i vinterloddefisket i 1992.

### Lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen

Noreg, Island og Grønland vart samde om å halde fisket stengt inntil det var lagt fram bestandsberekningar som kunne gi grunnlag for fiske. 24. oktober kom det framlegg frå Island om at loddefisket skulle opnast med bakgrunn i funn dei hadde gjort under eit forskningsstøkt.

Ut frå vanleg fordelingsnøkkel fekk Noreg ein kvote på 26.400 tonn. I desember føreslo Island å auke totalkvoten frå 240.000 tonn til 440.000 tonn. Det førte til at Noreg kunne fiske 48.400 tonn. I tillegg gjer Noreg krav på 17.903 tonn som kompensasjon for Island sitt overfiske i 1990 og 1991.

57 fartøy melde seg på til loddefisket ved Island, men ingen kom i fiske før årsskiftet. Fisket vart regulert ved at kvart av dei påmelde fartøya kunne ha ein tur med last inntil konsesjonskapasiteten innafor den norske kvota.

### Lodde ved New Foundland

Noreg hadde også i 1991 9.000 tonn lodde i NAFO området utanfor den kanadiske grensa. Berre 4 av dei 15 påmelde fartøya gjekk vestover, men ingen fekk fangst. Låg sjøtemperatur bidrog til at lodda hadde endra sitt vandringsmønster svært mykje.





## Makrell

I avtala mellom Noreg og EF for 1991 vart grensa som skal skilja vestleg makrell frå Nordsjø-komponenten flytta frå 59° til 57°30'. Dette er eit uttrykk for at Nordsjø-komponenten er svært liten, både i absolutt storleik og relativt samanlikna med mengda vestleg makrell som finns i Nordsjøområdet.

I alt hadde Noreg 177.450 tonn makrell til disposisjon i 1991, ei auke på 31.180 tonn frå 1990. Av totalkvoten kunne 14.000 tonn takast vest for 4° vest og 42.610 tonn i Nordsjøen.

Nord for 62° hadde Noreg ein kvote på 106.340 tonn. I tillegg fekk vi 14.500 tonn av Færøyane, slik at vi i alt kunne fiske 120.840 tonn nord for 62°. Nytt i avtala mellom Noreg og EF i 1991 var at 60.000 tonn av kvoten nord for 62° kunne fiskast i ICES område IVa i Nordsjøen.

Kystflåten vart regulert med maksimalkvotar utrekna på grunnlag av lastekapasitet på 900 hl. og ein korresponderande basiskvota på 1.860 hl. Avsetjinga til denne gruppa vart på 20.000 tonn.

Industriflåtarane fekk tildelt ein gruppekvota på 5.000 tonn. Fisket vart regulert med maksimalkvota og turkvota. Maksimalkvotane vart oppheva ved den endelege refordelinga. Dette fisket vart opna 1. oktober og det vart sett som krav at fangstane skulle leverast til konsum.

Gruppekvoten for ringnotflåten vart sett til 152.450 tonn. Fisket vart avvikla med separate fartøyskvotar etter den vanlege fordelingsnøkkelen. Den særskilde reguleringa for makrell over 600 gram (G6) vart vidareført i 1991.

Siste startdato nord for 62° vart sett til 2. september, sør for 62° vart den sett til 1. oktober.

Ringnotflåten fekk høve til å starte fisket allereie i januar, men berre nokre få fartøy deltok og fiska 2.000 tonn. I månads-skiftet juli/august starta notfisket utanfor Trøndelag og Møre. Mange valde å utsetje starten på fisket for å få betre kvalitet og pris på makrellen.

Seinhaustes vart fisket til dels mykje ver hindra, men tilgjengeligheten av makrell i norsk sone var svært god. Totalt vart det fiska opp vel 179.000 tonn i 1991.

## Hestmakrell

1991 gav ikkje det gode resultatet i hestmakrellfisket som dei to føregåande åra. I alt vart det fiska omlag 52.700 tonn, mindre enn halvparten samanlikna med



1990 - men så baud også 1990 på eit svært godt hestmakrellfiske. Fisket var heller ikkje i 1991 regulert.

I løpet av året fekk Noreg ein kvota hestmakrell i færøysk sone på 10.000 tonn. Norske fiskarar tok 2.500 tonn av dette.

## Havbrisling

Også i 1991 hadde Noreg ein kvota på 2.000 tonn havbrisling i EF-sona. Fisket vart ikkje regulert, men 12. august måtte fisket stoppast fordi totalkvoten var oppfiska.

Etter reforhandlingar med EF fekk Noreg auka kvoten med 3.000 tonn, og frå 16. desember vart det opna for eit avgrensa fiske i EF-sona. Fisket var turkvoteregulert med 150 tonn pr. tur.

## Kolmule

Noreg hadde ein kolmulekvota på 155.000 tonn i EF-sona og 30.000 tonn i færøysk sone i 1990. Fisket var ikkje nokon stor suksess i 1991, mellom anna fordi fisken sto svært spreidd. Resultatet vart meir enn halvering av oppfiska kvantum samanlikna med 1990 i EF-sona. I færøysk sone vart det berre teke eit ubetydeleg kvantum, 495 tonn.

## Tobis og augepål

Etter avtala med EF kunne Noreg fiske 30.000 tonn tobis og 20.000 tonn augepål i EF-sona. Kvoten vart ikkje utnytta. Fisket i norsk sone var ikkje kvantumsregulert.



Tobisfisket var betre i 1991 enn i 1990. Oppfiska kantum ligg på vel 145.000 tonn, ei auke på omlag 50.000 tonn frå 1990.

Oppfiska kvantum i augepålisket ligg på omlag 116.000 tonn, ein reduksjon samanlikna med 1990 på omlag 25.000 tonn.

### Reke

Det vart fiske like mykje reke i Barentshavet i 1991 som året før. Fisket var ikkje kvoteregulert. Innføring av skillerist førde til at rekefiskeriarane kunne halde fram fisket i områder som elles ville blitt stengde på grunn av for stor yngelinnblanding.

Trass i rimeleg stort kvantum, har mot-taksvanskar og låge prisar sett sitt preg på fisket.

Den norske rekekvote ved Aust-Grønland var i 1991 på 2.500 tonn. Fisket vart regulert med fartøyskvotar og maksimalt 15 fartøy i grønlandsk sone samstundes i tillegg til mange refordelingar i løpet av

året. Rekefisket ved Grønland gav omlag same kvantum som i 1990, noko som betyr at kvoten vart fullt utnyttja også i 1991.

ACFM gav for første gong i 1991 ei samla tilråding for uttak av reker i ICES områda IIIa – Skagerrak – og IVa – Norskerenna. Grunnen var at det var påvist stor utveksling mellom rekene i desse områda. Totalkvoten vart sett til 12.000 tonn, EF vart tildelt 1.080 tonn og Sverige fekk løyve til å fiske 146 tonn i Norges økonomiske sone.

Fisket i 1991 vart regulert med turkvotar på 4 tonn og helgedagsfredning. Norske fiskarar tok ikkje sin del av kvoten, det gjorde heller ikkje fiskarane frå EF – men svenske fiskarar tok noko meir enn tildelt kvote.

### Sel

Norske selfangarar fanga i alt 14.719 dyr i 1991.

Dei to båtane som fangsta i Vesterisen

tok 4.867 grønlandssel og 352 klappmyss, kvota var på 5.400 grønlandssel og 1.000 klappmyss.

I Østisen deltok og to fartøy og dei tok heile kvoten på 9.500 grønlandssel.

### Skjell

Også i 1991 var det to norske fartøy som dreiv skjellskraping i farvatnet rundt Svalbard og i Barentshavet. «Concordia» dreiv skjellskraping utanfor Canada i 1991. Ho segla under norsk flagg fram til våren 1991, seglar no under canadisk flagg.

Dei to fartøya som skrapa i norsk sone fekk høve til å fangste til saman 1.500 tonn skjell på eit avgrensa felt ved Jan Mayen. Denne kvota delte dei mellom seg. Det vart og opna for eit avgrensa fiske innfor delar av det stengde feltet ved Bjørnøya.

I alt vart resultatet av skjellskrapinga på omlag 700 tonn muskel i 1991.

## NORGES FISKERIER 1991

Mengde og verdi av de viktigste fiskesorter i rund vekt. *Quantities and values of main fish species nominal catch.*

Fiskesorter/Species	Kvantum i tonn (Quantity in tons)				Verdi i 1000 kr. (Value)			
	1988	1989	1990*	1991 <sup>1)</sup>	1988	1989	1990*	1991 <sup>1)</sup>
Lodde <i>Capelin</i> .....	72 672	108 329	92 000	564 000	57 931	86 378	66 000	304 500
Oyepål, <i>Norway pout</i> .....	62 052	123 556	142 000	120 000	39 537	84 974	90 000	71 500
Kolmule, <i>Blue whiting</i> .....	209 740	265 899	284 000	119 000	109 804	188 317	164 000	67 500
Tobis, <i>Sandeel</i> .....	191 653	194 656	95 800	145 500	121 227	149 632	59 600	88 800
Hestmakrell, <i>Horse mackerel</i> .....	44 980	89 107	121 700	53 000	35 197	71 550	83 200	38 000
Makrell, <i>Mackerel</i> .....	162 139	143 310	150 000	179 000	320 344	277 025	408 000	500 000
Sild, <i>Herring</i> .....	338 823	274 941	207 000	198 000	407 943	388 785	348 000	350 000
Brisling, <i>Sprat</i> .....	11 899	4 899	6 200	34 000	38 234	23 221	24 000	39 000
Sum lodde, makrell, sild etc. <i>Capelin, mackerel, herring etc.</i> .....	1 093 957	1 204 697	1 098 700	1 412 500	1 130 217	1 269 883	1 242 800	1 459 300
Torsk, <i>Cod</i> .....	252 424	186 353	124 000	162 000	1 706 562	1 263 243	1 126 300	1 578 000
Hyse, <i>Haddock</i> .....	62 831	38 512	22 500	24 000	310 702	212 123	163 900	186 500
Sel, <i>Saithe</i> .....	148 369	144 500	112 000	137 000	449 706	427 104	409 000	556 500
Brosme, <i>Tusk</i> .....	23 019	32 253	28 000	25 500	94 699	161 216	159 500	155 000
Lange/Blålange, <i>Ling/Blue ling</i> .....	23 625	28 597	24 000	23 000	175 043	221 641	192 400	236 000
Blåkvete, <i>Greenland halibut</i> .....	9 095	11 045	22 000	29 000	53 436	77 578	230 000	313 800
Lier, <i>Redfish</i> .....	25 374	27 468	41 400	47 000	110 079	98 706	175 000	190 600
Strøm- og vassild, <i>Silver smelt</i> .....	17 971	22 679	10 700	8 900	33 943	32 878	26 000	23 500
Andre og uspes. fiskesorter <i>Various and other fish</i> .....	28 919	28 793	39 400	30 000	181 875	164 070	253 000	199 000
Sum torskfisk etc. <i>Codfishes etc.</i> .....	591 626	520 200	424 000	486 400	3 116 046	2 684 450	2 735 100	3 438 900
Krabbe, <i>Crab</i> .....	1 349	1 449	1 400	1 450	9 512	10 575	10 300	8 000
Hummer, <i>Lobster</i> .....	28	34	30	30	3 162	4 187	4 000	3 800
Sjøkreps, <i>Norway lobster</i> .....	106	72	180	300	4 833	3 384	10 000	16 000
Reke, <i>Prawn</i> .....	42 171	56 082	62 300	48 000	706 874	775 984	807 400	620 000
Skjell, <i>Molluscs</i> .....	20 327	6 118	7 300	6 840	61 806	48 567	38 000	36 000
Sum skalldyr og skjell <i>Crustaceans and molluscs</i> .....	63 980	63 756	71 210	56 620	786 187	842 697	869 700	683 800
Total .....	1 749 564	1 788 653	1 593 910	1 955 520	5 032 451	4 777 030	4 847 600	5 582 000
Tang og tare, <i>Seaweed</i> .....	172 148	182 728	197 000	190 570	24 619	26 784	29 000	28 600
Total inkl. tang og tare <i>Total included seaweed</i> .....	1 921 712	1 971 381	1 790 910	2 146 090	5 057 070	4 803 814	4 876 600	5 610 600

\* Foreløpige tall. *Preliminary figures.*

<sup>1)</sup> Inneholder ikke fisket ved New Zealand. *Do not include fishing by New Zealand.*



# Et folke- møte



Værøyfolket samlet for å tilkjenne sine synspunkter på norsk fiskeripolitikk. (Foto: Ernst Furul)

**– La oss vise at vi kan, sa nøkkelpersoner i Lofotrådet og i Værøy kommune. De inviterte til folkemøte for å gjøre rede for planer og tiltak som skal bidra til å snu pessimismen på øya.**

**– La oss få fiske fisken i havet uten utidig innblanding fra politikere og byråkrater, svarte fiskerne. De møtte mannsterke fram for å få utløp for oppdemmet sinne og frustrasjon.**

## *Værøy i Lofoten Januar 1992*

I panelet: En bredt sammensatt gruppe utsendinger fra ulike offentlige instanser. Samtlige er tiltenkt nøkkelroller i det påtenkte «Værøyprosjektet», et prosjekt som ifølge planene skal bidra til ny giv for de knapt ni hundre innbyggerne på øya. Personlig sekretær Siri Kolseth i Fiskeridepartementet er med i gruppen av tilreisende. Hun virker betenkt. Har hun en anelse om hva som skal komme?

I salen: Mer enn 160 fram møtte i alle aldre. Fiskerkvinner og -menn fra torsk-avhengige Værøy.

### Pliktløp

Første runde er rent pliktløp. Gjestene på podiet presenterer seg selv, sitt budskap og sine forventninger. Salen lytter, applausen er avmålt.

Det er nemlig ikke før andre runde at dagsorden settes for kveldens folkemøte i samfunnsalen på Værøy. Det skjer under posten

### *«Åpent forum – Værøyfolk spør og tilkjenner sine synspunkter».*

Værøyfolket har bestemt at i kveld skal det dreie seg om fiskerireguleringer.

På løpende bånd tilkjenner sine synspunkter på en fiskeripolitikk hvis fremste målsetting, ifølge synspunktene, er å legge kysten øde. Det vil si kysten nord for Trondheim.

Panelet skjeler til møteledelsen.

For det er sterke vidnesbyrd som bringes til torgs. Hvis turen over Vestfjorden fra Bodø med «Løddingen» samme morgen gikk i sterk vind, blåser det raskt opp til stiv kuling i samfunns huset.

Møteledelsen er imidlertid beskjeftiget med ajourføring av talerlisten.

Skyteskive for kvelden er først og fremst personlig sekretær Siri Kolseth, som nådeløst stilles til ansvar for den kollektive udugelighet i Fiskeridepartementets politiske ledelse.

Hun får bare avlastning når ammunisjonen rettes mot Fiskarlagets utsending, generalsekretær Arent M. Henriksen. Og så han må finne seg i å stå skolerett i møte med befolkningen på Værøy.





### Fiskarlagets svik

Heftige anklager om Fiskarlagets svik overfor de «små», representert ved kystflåten, og påstått knefall overfor sentralt styringsverk, tydeliggjør for all verden den dype spild som har funnet feste innad i fiskernes egne rekker.

Alt dette mens de øvrige inviterte deltakerne i panelet, forlengst har tatt kvelden. Neida. De er der fremdeles. Og den kompetanse de besitter er sikkert etterspurt. Men ikke i kveld.

Møtet skrider frem. Personlig sekretær og generalsekretær går over til å besvare angrepene fra salen puljevis (møtet varer tross alt bare fem timer). Imens har resten av panelet allverdens tid til å gjøre seg forestillinger omkring hjemreisen over Vestfjorden. Meldinger går ut på at også den kan bli stormfull.

### Alt har sin slutt

Men nå er det slik at alt har sin slutt, så også folkemøter på Værøy.

En av dem som våger seg på en oppsummering er Lofotrådets Nils Bø, sentral pådriver for det såvidt omtalte «Værøyprosjektet».

Han fastslår at forventningene til folkemøtet, i hovedtrekk og langt på vei, er blitt innfridd.

– Målsettingen var å bidra til å bygge en grunnmur for Værøyprosjektet, tuftet på lokalt engasjement. Det har vi klart! opplyser Bø.

Han kan videre røpe at Lofotrådet alt har samlet inn flere hundre konkrete forslag til tiltak som skal få fart på Værøy-samfunnet.

Bø underslår imidlertid ikke behovet for offentlig støtte og medvirkning i den vanskelige tiden som ligger foran. – Men egenkompetansen, den har vi sjøl! avslutter han, ikke uten en viss glød.

### Epilog:

Mens Kolseth og Henriksen i fellesskap står av kulingen i samfunnshuset, blir det omsider bekreftet: Det blåser storm i kastene på Vestfjorden.

Det er med dårlig skjult tilfredshet kommunens representanter meddeler de tilreisende at ferjeavgangen til Bodø samme kveld er innstilt, men at losji er ordnet. Når det gjelder dagens samferdselstilbud er all PR god PR, heter parolen alle kan samles bak på Værøy.

Snart to år er gått siden den tragiske flyulykken på Værøy Lufthavn. (Og altså ikke *Værnes*, som daværende samferdselsminister Kjell Borgen så ubeleielig skal ha omtalt flyplassen under den høytidelige åpningsseremonien i 1986). Ulykken markerte en foreløpig slutt for luftverts passasjerforbindelse med fastlandet.

Enda er Værøy-samfunnet henvist til et ferjetilbud som med nytnevnt ordfører Dag Sørli's egne ord bokstavelig talt er – til å spy av.

Ikke rart det stormer i samfunnshuset.

Dag Paulsen

## Kravene

*Opprøret i samfunnshuset på Værøy gjenspeiler det opprøret som nå sprer seg langs hele den torskavhengige del av kysten.*

*Dette er de viktigste kravene kystfiskerne setter fram.*

- *Kystflåtens kvoteandel må økes, på bekostning av trålerflåten og kvoten til tredjeland (kvoter til fartøyer fra andre land enn Norge og Russland).*

- *Bifangstbestemmelsene må endres. Innblanding av inntil 35 prosent torsk må tillates etter 1. april.*

- *Det må innføres en kombinasjon av mannskvoter/fartøyskvoter for å forhindre at det uholdbare «skipperfisket» får fortsette.*

**Fiskets Gang bringer mer stoff fra Værøy i neste utgave av bladet. Det vil blant annet inneholde en fyldigere omtale av det såkalte «Værøyprosjektet».**

Red.



**Matfiskanlegg:**

# Svakt økonomisk resultat i 1990, men bedre enn i 1989

av  
Merete Fauske

- **Betydelig forbedring, men fortsatt negativt gjennomsnittlig resultat før ekstraordinære poster.**
- **Oppgang i gjennomsnittlig lønns- evne pr. årsverk fra minus kr 10 550 i 1989 til pluss kr 69 801 i 1990.**
- **Vesentlig økning i omsatt kvan- tum, men bare ubetydelig økning i produksjon av laks og ørret.**
- **Gjennomsnittlig kostnad pr. kg produsert fisk opp med ca 1 kr på landsbasis.**

Dette er hovedkonklusjonene i Fiskeridirektoratets lønnsomhetsundersøkelse av matfiskanlegg for 1990. Opplysningene er hentet inn fra 278 rene matfiskanlegg. Undersøkelsen omfatter ikke data fra kombinerte matfisk- og settefiskanlegg. En tilsvarende lønnsomhetsundersøkelse for rene settefiskanlegg blir også utarbeidet årlig. Tilsvarende lønnssevnebere- gninger basert på selvkostprinsipp har vært utført årlig siden 1982.

Resultat før ekstra ordinære poster er driftsresultat tillagt renteinntekter og fra- trekt rentekostnader.

Verdien av levende fisk i sjøen er satt til minimumskost, som er produksjons- kostnaden så langt. Driftskostnadene blir justert med endringer i beholdningen av levende fisk. Driftskostnadene omfatter også en kalkulatorisk (beregnet) eierlønn for ulønnet arbeidsinnsats utført av eie- ren.

Rent overskudd er differansen mellom totale inntekter, (driftsinntekter tillagt ren- teinntekter og verdien av lagerendringen), og totale kostnader, (alle betalte kost- nader i perioden pluss postene kalkulert eierlønn, kalkulert rente på egenkapitalen og kalkulerte avskrivninger).

Lønnsvevnen er differansen mellom tota-

Tabellen nedenfor viser en del hovedresultater i gjennomsnitt pr. anlegg. Tilsva- rende tall for 1988 og 1989 er tatt med for sammenligning.

		1988	1989	1990
Driftsinntekter	kr	5 049 862	5 701 481	7 343 889
Driftskostnader	kr	3 896 582	5 554 976	6 873 495
Driftsresultat før ekstra-	kr	1 153 279	146 505	470 394
ordinære poster	kr	672 317	÷ 546 048	÷ 296 229
Rent overskudd	kr	385 867	÷ 777 152	÷ 511 226
Lønnsvevne pr. årsverk	kr	363 568	÷ 10 550	69 801
Salg	kg	132 489	173 521	235 285
Produksjon	kg	188 753	226 283	232 243
Produksjon pr. m <sup>3</sup>	kg	97.7	92.0	95.4
Produksjon pr. årsv.	kg	65 087	64 652	58 061
Antall årsverk		2.9	3.5	4.0

le inntekter og totale kostnader bortsett fra lønnskostnader og kalkulert eierlønn.

### Innfrysningavgift

I 1990 ble det innført en infrysningavgift på all slaktet fisk. Denne avgiften er

i undersøkelsen betraktet som en inn- teksreducerende post. I de tilfeller der infrysningavgiften har vært bokført i re- sultatregnskapet under driftskostnader har vi trukket ut avgiften fra driftskost- nadene, og deretter redusert salgsinntek- ten tilsvarende.





## Resultater

En generell konklusjon på bakgrunn av disse tallene er at årets resultat er en forbedring fra 1989. Dette skyldes hovedsaklig økte salgsinntekter som følge av en kraftig oppgang i solgt mengde på hele 35.6 prosent. Andre ordinære inntekter og erstatningsutbetalinger hadde også en oppgang, slik at driftsinntektene gikk opp med 28 prosent fra 1989 til 1990.

Likviditetsgrad 1 er verdien av omløpsmidlene i forhold til samlet kortsiktig gjeld. Likviditetsgrad 2 viser det samme forhold om en i omløpsmidlene ser bort ifra lagerverdi av fisk i sjøen. Rentedeckningsgraden viser hvor mange ganger driftsresultatet pluss renteinntekter kunne betale rentekostnadene.

60 prosent av betingede skattefrie avsetninger er inkludert i egenkapitalen, de restende 40 prosent er tatt med i langsiktig gjeld.

Beregning av kostnader pr. kg produsert fisk er noe endret i forhold til tidligere års undersøkelser. I 1990 er tabellen forsøkt gjort mer oversiktlig ved at kostnader pr. kg er splittet opp i flere kostnadsposter enn i 1989. Erstatningsutbetalingene er tatt med som en kostnadsreducerende post. Rentekostnaden er netto rentekostnad, dvs. at renteinntektene er trukket ifra rentekostnaden. Tallene for 1988 og 1989 er så langt som mulig regnet om slik at de nå er i samsvar med den nye tabellen. Tallene for slakting, pakking og frakt ved salg av fisk var det imidlertid umulig å skille ut fra posten «andre driftskostnader» i 1988 og 1989.

Gjennomsnittskostnaden pr. kg produsert fisk var i 1990 kr. 32.09, noe høyere enn i 1989. Et gjennomsnitt beregnet for de 15 «beste anleggene» på landsbasis viste imidlertid en kostnad pr. kg produsert fisk på kr. 18.16. Dette indikerer stor variasjon i produksjonskostnad pr. kg.

De 15 «beste anleggene» er valgt ut på grunnlag av kostnad pr. kg produsert fisk i 1990. Av de 15 anleggene var 4 anlegg fra Nordland, 3 anlegg fra hvert av fylkene Sør-Trøndelag og Rogaland, 2 fra henholdsvis Hordaland og Nord-Trøndelag og 1 fra Sogn og Fjordane.

Ser en på de enkelte kostnadsarter for de 15 «beste» anleggene så var disse betydelig lavere enn tilsvarende kostnadsarter for landsgjennomsnittet. Størst forskjell finner en for kostnader vedrørende lønn, slakting/pakking og renter.

Nøkkeltallene nedenfor bekrefter dette resultatet. Dette er gjennomsnitt tall for hele landet.

		1988	1989	1990
Totalrentabilitet	%	15.7	2.7	5.9
Egenkapitalrentabilitet	%	38.8	—	—
Likviditetsgrad 1	%	153.5	124.6	135.8
Likviditetsgrad 2	%	44.0	29.5	33.8
Rentedekningsgrad	%	207.8	30.5	65.7
Egenkapitalandel	%	21.1	7.9	9.0
Kortsiktig gjeld/aktiva	%	45.5	55.8	51.0
Langsiktig gjeld/aktiva	%	33.4	36.3	40.0





## Kostnad pr. kg produsert fisk. Gjennomsnitt for landet.

		1988	1989	1990
Smolt-/settefiskkostnad	kr	7.64	5.29	5.05
Forkostnad	kr	10.92	12.70	12.98
Forsikringskostnad	kr	1.01	1.07	1.12
Lønnskostnad	kr	3.37	3.17	3.31
Andre driftskostnader	kr	3.69	4.33	3.31
Rentekostnad (Netto)	kr	2.54	3.06	3.30
Erstatninger (+)	kr	0.55	0.71	1.22
<b>SUM KOSTNADER PR. KG FØR</b>				
<b>KALKULATORISKE POSTER</b>	kr	28.62	28.91	27.85
Kalkulatorisk eierlønn	kr	0.17	0.10	0.10
Kalk. rente på egenkap.	kr	1.44	0.76	0.87
Kalk. avskrivning (BL)	kr	1.20	1.33	1.30
<b>SUM KOSTNADER PR. KG FØR.</b>				
<b>KOSTNADER VEDR. SALG</b>	kr	31.43	31.10	30.12
Slakte-/pakkekostnader	kr	..	..	1.43
Fraktkostnader	kr	..	..	0.54
<b>SUM TOTALE KOSTNADER PR. KG</b>	kr	31.43	31.10	32.09

## Fylkesvis utvikling i kostnader pr. kg produsert fisk. Gjennomsnitt pr. anlegg.

Fylke		1988	1989	1990
Finnmark/Troms	kr	46.16	30.92	33.70
Nordland	kr	33.61	32.20	30.96
Nord-Trøndelag	kr	31.33	29.64	34.34
Sør-Trøndelag	kr	33.81	36.20	35.58
Møre og Romsdal	kr	30.32	33.67	33.60
Sogn og Fjordane	kr	30.80	28.16	28.87
Hordaland	kr	29.07	30.53	31.52
Rogaland og Skagerakkysten	kr	27.28	28.03	29.76

Sammenligner en de 15 «beste» anleggene i 1989 og 1990, så var driftsresultatet for disse anleggene lavere i 1990. Resultat før ekstraordinære poster gikk ned fra kr 1 987 239 i 1989 til kr 1 786 849 i 1990. Lønnsevnen pr. årsverk gikk imidlertid opp fra kr 764 464 i 1989 til kr 867 858 i 1990. Kostnad pr. kg produsert fisk ble redusert fra kr 18.64 (ny beregningsmetode) i 1989 til kr 18.16 i 1990.

For landsgjennomsnittet finner en små endringer i forhold til 1989 for de enkelte kostnadsartene, med unntak av rentekostnad og andre driftskostnader (inkl. slakte-/pakke- og frakt-kostnad) som økte kraftig.

De fleste fylkene økte kostnadene pr. kg produsert fisk fra 1989 til 1990. Størst oppgang hadde Nord-Trøndelag med vel 16 prosent. Hovedårsaken til økte kostnader pr. kg produsert fisk var lavere produksjon i 1990 enn i 1989.

Sør-Trøndelag hadde i 1990 den høyeste gjennomsnittlige kostnad pr. kg produsert fisk mens Sogn og Fjordane lå lavest.

Den geografiske utjevningen av kostnaden pr. kg produsert fisk fortsatte i 1990. Den tidligere markerte kostnadsforskjellen mellom Sør- og Nord-Norge var i 1990 fullstendig forsvunnet.

## FISKERIDEPARTEMENTET

## FØRSTEKONSULENT

**(Informasjonskonsulent)**

Vedk. skal i samarbeid med informasjonssjefen arbeide med eksternt og intern informasjon, herunder systematisk info. overfor massemedia. God kjennskap til info.spredning og off. forvaltning kreves. Vi søker en allsidig informasjonsmedarbeider, gjerne med pressebakgrunn.

**Lønnstrinn 17**

Nærmere opplysninger ved informasjonssjef  
Bjarne Myrstad i tlf. 34 64 09.

Søknader innen 13. februar til:

Fiskeridepartementet,  
Postboks 8118  
Dep., 0032 Oslo.

05-0147-K



# Utsiktene for brislingfisket i fjordene på Vestlandet i 1992-sesongen

av

Svein A. Iversen

Havforskningsinstituttet, Bergen

